



**Turngruppa er iferd med å koma skikkeleg i gang att etter ferien og så langt er det grunn til å vera særleg imponert over kor mange som vil vera med på step og aerobic. Det har møtt fram rundt rekna 20 til dei første samlingane.**

I ettermiddag/kveld (onsdag) har fleire parti vore i aksjon. På barnepartiet møtte det fram 8. Her er det Elisabeth Steinsvik som skal vera debuterande instruktør.

Seniorane har, som i alle år tidlegare, Gunvor Myklebust som instruktør, Her møtte det fram seks til den første samlinga, men det kjem minst fire til neste gong! Til gymstick møtte det 8 under starten i førre veka.

Også idrettsskulen hadde sesongstart i dag og dei var saman med fotballspelarane på Heio denne gongen. Neste år vil også dei vera i Aktivitetshuset. Det opplysar Janne Hjørnevåg, som no har overteke som turngruppeleiar etter Merete Haugland.

På biletet slappar dei eldste i gruppa av etter den første økta medan dei yngste sit klare for instruksjon.

(Foto: Ola Matti Mathisen)